

Referat styremøte i Fyresdal Frivilligsentral sitt styre.

Dato: 14.01.2025

Tid: 10.00 – 13.15.

Stad: Fyresdal næringshage, møterom Hamaren.

Desse møtte: Arne Dag Lassemo, Rita Tuften Metveit, Kari Kristine Eidam og Olav Bjørnerud. Forfall Inger Angell – ingen vara møtte for henne.

Ingen merknad til møteinnkallinga.

Sak 1: Høyring, Den nye kommunedelplanen Kulturbygg, idrett og friluftsliv.

Planen er i samsvar med det som står i Fyresdal kommune sin samfunnsdel i kommuneplanen 2023 - 2035.

Bakgrunn for saka:

Den nye temaplanen for kulturbygg, idrett og friluftsliv har og teke i mot innspel frå frivillige lag og organisasjonar gjennom folkemøte og skriftlege invitasjonar om å kome med forslag til tiltak som bør vere med i ein slik plan. Ut frå kommunen sin samfunnsdel og forslaga som kom, har arbeidsgruppa utarbeida planen som nå er ute på høyring. Fyresdal Frivilligsentral sitt styre er ein av høyringsinnstansane, og har kome den desse tilbakemeldingane på planen.

Kommentarar og forslag til endring frå styret i Fyresdal Frivilligsentral:

Styret er nøgd med planprosessen og framdrifta til arbeidet med planen. Dei ser også positivt på at planen knyter seg tett opp til nasjonale, regionale og lokale planar om moglegheiter til folk å kunne delta på kulturaktivitetar, fysisk aktivitet og folkehelse samt at den har eit berekraft perspektiv.

1: Side 6 er no situasjonen vist i tabellform, styret etterlyser tal frå Fyresdal Idrettslag, og Dart klubben Bulls Eye. Finnes det tal her?

2: Idrettsanlegg s.6: Det står at det er naudsynt med garderobe- og dusj anlegg, i den nye idrettshallen. Styret meiner dei har fanga opp blant frivillige, at dette ikkje er så viktig og at avstanden til garderobeanlegget i symjehallen er tilfredsstillande – og at eit slikt anlegg kan bli noko av på sikt. Om Fyresdal kommune skal spare pengar, er dette ein god måte å gjere dette på.

3: Friluftsliv, s.7: Resultat frå Ungdata pluss, viser at ungdommen i Fyresdal driv ein del med snøskuterkøyring og at det er ein positiv aktivitet som styrkar samhald, helse og aktivitet blant dei unge. Styret i Fyresdal Frivilligsentral ser positivt på dette og ynskjer å legge til rette for slik aktivitet på ein lovleg måte. Dei tenkjer seg eit område, avgrensa på kart der folk kan drive denne type aktivitet. Er dette noko ein kan jobbe for?

4: Friluftsliv – er veldig nøgde med skiløypene som finnes, men saknar eit sentrumsnært friluftsområde med skibakkar, skiløyper dagsturhytte. Styret hadde konkrete forslag der løypene er tilgjengeleg frå Fyresdal sentrum – Kåsegrend – Vaddli – Liebakkane – Åsbergstova.

Styret ser også veldig positivt på det som skjer i Birtedalen, og tanken om at kommunen blir ein samarbeidspartner der. Dei meiner også at tanken om å setje opp buss frå sentrum til Birtedalen i helger vil gjere området meir tilgjengeleg for folk flest. Dette er eit godt bidrag til folkehelsa.

5: På side 10 i planen står det at tilgjengelege toalett i Stykkjevika ikkje er realisert. Styret har eit forslag om å setje utedoane i området i stand slik at dei kan nyttast i ein startfase for det blir etablert ormetelg toalett. Fleire ar erfaring med at mannskit ligg opent og forureinar - iallfall visuelt og gjer område mindre delikat.

Eventuelt

Sak 2: For å hjelpe til i ein vanskeleg situasjon på Gimle skule, har dagleg leiar i Fyresdal Frivilligsentral sagt ja til å undervise i norsk- i 10.klasse, fram til våren 2025. Styret i Fyresdal Frivilligsentral ynskjer at blir jobba for at dei timane dagleg leiar er på Gimle skule, blir dekt opp av andre.

Sak 3: Utstyrssentralen er nå oppgradera med mykje nytt utstyr til utlån. Utlån skjer etter nærmare avtale med dagleg leiar i Fyresdal Frivilligsentral.

Sak 4: Fyresdal Frivilligsentral har også dette året fått støtte frå Sparebankstiftelsen til å arrangere Stolpejakta. Dette året vil det bli sett opp fleir stolpar, og det vil bli lagt opp til rundløyper i sentrum, Birtedalen, Fjellgardane og Kilegrend.

Sak 5: Freesbeegolf bane. Anne Lise jobbar vidare med finansiering og eit område for dette.

Sak 6: Dagleg leiar informera om aktivitetar i regi av Fyresdal Frivilligsentral, aktivitetar drifta av frivillige lag og organisasjonar-der Fyresdal frivilligsentral er involvera. I tillegg blei det informera om Friluftslivets år 2025 og planlagde aktivitetar der Fyresdal Frivilligsentral er samarbeidspart og der sentralen er arrangør. Aktivitetane blir annonsert gjennom året i: Kommuneinformasjon, Kva skjer i Vest-Telemark og på nettsida til Fyresdal Frivilligsentral.

Referent: Anne Lise Greivstad, Dagleg leiar Fyresdal Frivilligsentral.